



Ryddinga av lauvskog mot fjorden i Ljosneslia er i gang frå der Uskedalsvegen startar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit vindu mot fjorden blir no opna i den heller massive, grønne tunnel gjennom Ljosneslia. Iver Blokkum har såvidt starta med avskoginga omtrent der Omvikdalsvegen skiftar namn til Uskedalsvegen og resultatet er svært lovande!.

Prosjektleiar Vidar Jørdre i Vestskog peikar på at beltet med vegetasjon blir breiare jo nærare ein kjem Ljosnes og etter rundt 400 meter vil det vera naturleg å avslutta fordi det blir for omfattande å arbeida seg vidare.

Vestskog har også engasjert Kjetil Mehl som entreprenør for avskoginga langs riksvegen og han og Blokkum vil jobba parallellt utover hausten. Mehl vil med det aller første starta på eit parti sør for Svoldalstunnelen inne i fjorden.

Førebels har ikkje Jørdre inngått fleire avtaler med grunneigarar, men han arbeider med saka og ser ikkje bort ifrå at det kan bli aktuelt med avskoging på fleire parsellar i månadene framover.

Av Ola Matti Mathisen